

VELKOMMEN TIL UNGDOMSHAFO 2012

18 -19. februar

Endeleg er det klart for den årlege natt turneringa for ungdomsskuleklassane i Sunnhordland!

Me startar lørdag morgon og spelar til me er ferdige eingong på søndag.
HAFO er for ALLE og skal vere gøy.
Få med deg klassen din og meld deg på. Her vert det fest frå start til mål.

5000,- kroner i premie til beste skule. Pengene disponeres av elevrådet.

Påmeldingsfrist: måndag 13 februar.

Send påmelding til hafo@stordhandball.no
Oppgi lagleder, telefon, skule, klasse og antall spillere.
Alle påmeldinger blir bekreftet. Får du ikke en bekreftelse så tar du kontakt igjen.

Pris: Kr. 125,- pr. spelar. Lagleiarane samlar inn pengane, melder på laget og betalar før første kamp.

Kampoppsett blir lagt ut på www.stordhandball.no.

Det skal være reine klasselag (A,B,C), med eigne jentelag og gutelag. Dersom ein klasse ikkje kan stille med reint jente/gute lag, må dei stilla med eit blanda lag.

Lag frå 8. klasse må ha vaksen lagleiar som er over 18 år.

Spørsmål kan rettast til: hafo@stordhandball.no eller 45 20 13 02

KVÆRNER™


WÄRTSILÄ

SKL 
Energi til utvikling

 SparebankenVest

Kva er Hafo??

I ein HAFO kamp skal det spelast ein omgang fotball og ein omgang handball. Det laget som har mest mål etter begge omgangane har vunne kampen. Speletid i denne cupen er 2 x 10 min.

I fotballomgangen er det 6 spelarar, og i handball 7 spelarar på banen. Det er lov å byte spelarar under heile kampen.

Me følger vanlige fotball- og handball reglar, unntatt:

- I staden for innkast brukar me innspark i fotball.
- Keeper har berre lov å ta ballen med nevane innanfor 6 meteren.

TURNERINGSGREGLAR

Kvart klassesteg vert delt inn i puljar.

Det vert spela enkelt serie, slik at alle laga i gruppa får spela mot kvarandre ein gong. Dei to beste laga frå kvar gruppe går vidare til sluttspel. Sluttspellet vert rein cup til det er to lag igjen som spelar finale.

Dersom det berre er ei gruppe frå klassesteget, går nr ein og to vidare til finalen.

Elevane kan berre vera med på eit lag. Det skal vera minst 7 spelarar på kvart lag.

Det er ikkje lov å låna spelarar frå andre klassar.

Det er ikkje lov å låna spelarar frå andre skular.

Dersom ein klasse vil stilla blanda lag, må dei vera med i gutegruppa for sitt klassesteg.

Det er ikkje lov å byta spelarar frå eit lag til eit anna midt i cupen.

SPELARANE PÅ DEI EINSKILDE LAGA MÅ HA LIK FARGE PÅ DRAKTANE (OVERDEL).

Dersom 2 lag har lik farge, har me overtrekksdrakter.

ARRANGEMENTET ER RUSFRITT

KVÆRNER™


WÄRTSILÄ

SKL 
Energi til utvikling

 SparebankenVest